



**Førebuingane for det største byggjefeltet i bygda - Ospelunden - går sin gang og no har kommunen bedt Statens Kartverk om tinglysing av 6 tomtar som Eldbjørg Myklebust Sivertsvoll på Tynset eig. Det vart gjeve delingsløyve for denne delen av Ospelunden i juni.**

Det er eit vilkår for delinga at parsellen vert samanslege med tilsvarende naboparsellar som er omhandla i reguleringsplanen og at det vert utarbeida og tinglyst felles rettar og pliktar for heile feltet som sikrar vegtilkomst og tekniske anlegg for området. Også vegrett for tilkomstvegen over eksisterande eoigedomar må sikrast.

Knut Johannes Ripel sendte tidlegare på vegne av grunneigarlaget kommunen ein orientering om vassforsyninga som vassverket jobbar med for tida. Ospelunden og Nedre og Øvre Halsabrotet har behov or vasstilsnytning. Det gjeld rundt 100 bustader og det betyr at vassverket må få på plass ei reservekjelde til dagens inntak i Eikelva.

Eit konsulentfirma vart engasjert for å sjå på spørsmålet om eit høgdebasseng samt eventuelle andre løysingar. Firmaet laga også teknisk spesifikasjon. Det har vore i dialog med brannvesenet for å sikra tilstrekkeleg sløkjevatn. Prosjektarbeidet var ferdig til årsmøtet sist vår

Av Ola Matti Mathisen